

Haloðan fölt: "For fred og fridam" 107708

gjennomreis, —  
å tala med han  
orklara han koss  
på Noreg. Han  
anske regjeringa  
ke. Ei tid etter  
or. I skjøna eg  
da måtte eg tru

dei engelske på  
sjøn vifor. Eg  
eje var så sterkt  
kunne mæle seg  
at det sto ille til  
franske hæren.  
Parlaments-med-  
s. ein represen-  
tre verdskrigens  
fall i striden,  
ile dei falle alle  
ce tankar, — at  
tunne ein ikkje  
g heller enn at  
nsa. Difor bad  
aste bomber og  
D var redd  
gen ting heller

slik at det alt-  
i kr. Difor  
i med den nye  
om på avskils-  
dde ei god tid  
d å tala åpent

med einannan. Eg sa til han at om Noreg skulle bli nøydt til å kjempe  
med i krigen, så ville vi stå på den engelske og ikkje den tyske sida.  
Og han sa for sin part at Sverige måtte gjera det same. Eg var likevel  
ikkje fulltrygg på at han la det same i orda som eg gjorde; eg ottas i  
det minste at han hadde eit vilkår med i tanken, — at det spurdes om  
kva for ei makt som først ville bryte den svenske nøytraliteten, og at  
Sverige ville ta krig med den som først nytta våpenmakt imot det. I  
alle tilfelle var det ei trøst å veta at vi både to hadde same målet for  
viljen vår.

Berre tre dagar etter eg hadde hatt denne samtalens med Günther, fekk eg greitt prov for at vestmakt-regjeringane no ynskte få både Noreg og Sverige med seg inn i krigen. Den 28. desember vart minister Colban i London kalla til utanriksministeren lord Halifax og fekk høre kva Stor-Britannia ville at Noreg skulle gjera. Og same dagen var den franske sendemannen i Oslo, Bruère, hos meg med same ærendet for sitt land. Dessutan fekk Sverige samstundes same beskjeden. Det var nokolunde same ordlyden i den «hugse-setelen» (aide-mémoire) som Colban fekk i London, og den «verbal-noten» eg fekk av Bruère. Det eine som dei sa, det var at dei bad om lette for gjennomførsel til Finland av krigs-materiell og av «teknikarar» til hjelp i krigen. Det andre var ei fråsegn om at vestmaktene ville vera viljuge til å drøfte kva som kunne bli gjort til å trygge Noreg mot fylgjene av det som såleis vart gjort for Finland.

Eg var ikkje heilt u-førebuud på denne førespurnaden. For den 23. desember hadde den finske chargé d'affaires i Oslo (gamle Wuolijoki hadde slutta her i fyrstninga av månaden) vori hos meg og varskudd om at vestmaktene ynskte sende hærhjelp til Finland, og etterpå det hadde eg sett opp for mitt eige bruk eit p. m. om kva for grunnar som kunne tala for og imot å gå med på slikt eit ynske. No kjente eg meg i grunnen noko lett da eg hørte at vestmaktene i det minste ville kamuflere hærhjelpa som «teknisk» hjelp. Eg kunne difor straks svara Bruère at Noreg var viljagt til å lette åll hjelp til Finland som ikkje kom i strid med nøytraliteten vår; men eg måtte berre først ta opp spørsmålet med både den norske og den svenske regjeringa. Til til-